

Saksbehandlar: Ole I. Gjerald, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 16/3228-6

Framtidig Vestlandsregion – status, organisering og framdrift

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget tek føreliggjande orientering om det pågåande regionreformarbeidet til vitande.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune forhandlar med Hordaland og Rogaland fylkeskommunar for å kome fram til ein felles intensjonsplan for samanslåing av fylkeskommunane innan 01.01.2020. Intensjonsplanen inneheld følgjande hovudtema og forhandlingspunkt:
 - a) Mål for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland.
 - b) Organisering av det nye regionale folkevalde nivået på Vestlandet:
 - Regionen sitt namn og merke.
 - Representantar i regiontinget.
 - Regionen si inndeling i valkrinsar.
 - Politisk styreform.
 - Regiontinget sine samlingar (og regionutvalet sine møte ved formannskapsmodell).
 - Regionen sitt administrasjonssenter og politisk leing.
 - c) Regionen sine oppgåver og ansvarsområde: Leing og arbeidsdeling.
 - Organisering og leing av eksisterande regionale oppgåver.
 - Organisering og leing av nye regionale oppgåver.
 - d) Prinsipp for handtering av dei tilsette i samband med regionreforma.
 - e) Bruk av disponibel formue frå dei tre fylkeskommunane.
 - f) Samansetjing av «fellesnemnd» for overgangsperioden fram mot 2020.
 - g) Val av nytt regionting.
3. Fylkestinget føreset at intensjonsplanen vert lagt fram for handsaming i fylkestinget i oktober 2016.

Vedlegg:

1. Fylkesordføraren sin førespurnad til Hordaland, Rogaland og Møre og Romsdal (19.01.2016).
2. Forventningsbrev til Kommunal- og moderniseringsdepartementet (15.03.2016).
3. Referat frå møte mellom Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland fylkeskommunar (29.03.2016).
4. Førebels utkast til intensjonsplan til drøfting mellom forhandlingsutvala (27.05.2016).

Relevante vedlegg som ikkje er lagt til saka:

1. Regionreforma – status og framdrift. Saksframlegg til fylkesutvalet i Sogn og Fjordane (18.04.16).

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Regjeringa la 05.04.16 fram Stortingsmelding 22 (2015-16) «Nye folkevalde regionar – rolle, struktur og oppgåver». Regjeringa føreslår å gjennomføre regionreforma med verknad frå 2020, samstundes med kommunereforma. Regjeringa ser det som eit utgangspunkt for reforma at Stortinget har vedteke at det skal vere tre folkevalde nivå i Noreg. Det er ønskjeleg med ein heilskapleg forvaltningsstruktur som legg til rette for utvikling og vekst i alle delar av landet ut frå regionale moglegheiter og fortrinn. Det er også ei målsetjing med betre samordning mellom sektorar og meir heilskaplege prioriteringar. Regjeringa legg særleg vekt på rolla som samfunnsutviklar. Regioninndelinga bør omfatte større funksjonelle regionar, som betre samsvarer med samfunnsutfordringane eit regionalt folkevalt nivå skal medverke til å løyse.

Kommunal- og forvaltningskomiteen presenterer si innstilling i høve Stortingsmelding 22 (2015-16) «Nye folkevalde regionar – rolle, struktur og oppgåver» torsdag 02.06.16, medan Stortinget handsamar denne onsdag 08.06.16. Saka om kommune- og regionreformene skal slutthandsamast i Stortinget våren 2017.

Fylkestinga i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland har alle handsama sentrale spørsmål knytt til regionreforma. I Sogn og Fjordane gjorde fylkestinget 09.12.15 vedtak om at ein ønskjer at dei fire vestlandsfylka Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal greier ut ein handlekraftig, folkevald landsdelsregion på Vestlandet. Fylkestinget i Rogaland gjorde 01.03.16 vedtak om at ein er positiv til ein nabopratt med Vestlandet (Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland) og Agderfylka, med mål om å forhandle fram ein intensjonsavtale for ein region. I Hordaland oppnemnde fylkestinget 09.03.16 eit forhandlingsutval med mynde til å starte samtalar med dei andre vestlandsfylka, med mål om å forhandle fram ein intensjonsavtale for ein utvida vestlandsregion. Tilsvarande forhandlingsutval vart oppnemnde i fylkesutvalet i Sogn og Fjordane og i fylkestinget i Rogaland i april.

Fylkesrådmannen vil i denne saka å orientere fylkestinget om regionreformarbeidet som er i gang i Sogn og Fjordane og på Vestlandet.

2. Bakgrunn for saka

Kommune- og regionreforma: Køyreplan og prosessen så langt

Fylkesrådmannen legg til grunn at det er fleirtal på Stortinget for at vi også i framtida skal ha tre folkevalde nivå, men at oppgåvedelinga mellom nivåa samt kommune- og regiongrensene er til vurdering. Kommunane skal gjere vedtak knytt til ev. samanslåingar innan 01.07.16. Fylkeskommunane er oppmoda om å gjere tilsvarande vedtak innan utgangen av året. Regjeringa tek sikte på å leggje fram forslag til ny kommune- og regionstruktur for Stortinget våren 2017. Samanslåingar som vert vedtekne av Stortinget skal tre i kraft 1.01.2020. Den politiske samansetjinga i dei nye einingane vert avgjorde gjennom kommune- og fylkestingsvalet hausten 2019.

Så langt har kommune- og regionreforma vore forma gjennom m.a. følgjande milepelar:

- 14.05.2014 Kommuneproposisjonen for 2015 vart lagt fram for Stortinget. I ein eigen meldingsdel presenterte regjeringa rammene for kommunereforma.
- 12.06.2014 I samband med Stortinget si handsaming av kommunereforma gav Kommunal- og forvaltningskomiteen følgjande tilråding:
Stortinget ber regjeringen gjennomgå oppgavene til fylkeskommunene/et regionalt nivå parallelt med arbeidet med å gi flere oppgaver til kommunene. Dette kan gjøres med ut-

gangspunkt i en sammenstilling fra tidligere utredninger. Stortinget imøteser en melding til Stortinget om dette våren 2015.

- 18.06.2014 Stortinget vedtok komiteen si tilråding.
- 03.07.2014 Regjeringa gav fylkesmennene i oppgåve å ta ei sentral rolle i gjennomføringa av kommunereforma, men ikkje i regionreformdelen. Regjeringa inviterte samstundes KS til å delta aktivt i eit samarbeid om gjennomføringa regionalt.
- 18.08.2014 Kommunal- og moderniseringsdepartementet starta eit utgreiingsarbeid av eit regionalt folkevalt nivå som del av kommunereforma.
- 01.12.2014 Regjeringa sitt ekspertutval la fram sluttrapporten om kriterium for god kommunestruktur.
- 05.12.2014 Fylkesordførarkollegiet og KS sitt hovudstyre (12.12.14) vedtok samstemde uttalar i høve oppgåvefordeling m.m. ved ei ev. regionreform basert på eigne utgreiingar.
- 20.03.2015 Regjeringa la fram St.meld. 14 (2014-15) «Kommunereforma – nye oppgåver til større kommunar».
- 12.05.2015 Kommuneproposisjonen for 2016 vart lagt fram for Stortinget.
- 02.07.2015 Kommunal- og moderniseringsdepartementet sende ein formell invitasjon til alle fylkeskommunar om å ta del i kommune- og regionreformprosessen.
- 09.12.2015 Fylkestinget i Sogn og Fjordane vedtok å starte dialog med andre vestlandsfylke.
- 01.03.2016 Fylkestinget i Rogaland vedtok å starte dialog med vestlandsfylka (og Agder-fylka).
- 09.03.2016 Fylkestinget i Hordaland vedtok å starte dialog med andre vestlandsfylke.
- 05.04.2016 Stortingsmelding 22 (2015-16) «Nye folkevalde regionar – rolle, struktur og oppgåver».
- 18.04.2016 Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane oppnemnde forhandlingsutval og styringsgruppe.
- 26.04.2016 Fylkestinget i Rogaland oppnemnde forhandlingsutval og styringsgruppe.
- 09.05.2016 Fylkesordførarane i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland la fram status i regionreformarbeidet for Stortinget sin Kommunal- og forvaltningskomité.

3. Status for regionreformarbeidet på Vestlandet

Vedtak i dei tre fylkeskommunane

Fylkestinget i Sogn og Fjordane handsama 09.12.15 si sak og gjorde då slikt vedtak:

1. *Fylkestinget i Sogn og Fjordane ønskjer at dei fire vestlandsfylka Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal greier ut ein handlekraftig, folkevald landsdelsregion på Vestlandet.*
2. *Eit slikt arbeid bør vere ferdigstilt så tidleg i 2016 at eventuelle vedtak om fylkessamanslåingar vert gjorde i fylkestinga seinast hausten 2016.*
3. *Sogn og Fjordane fylkeskommune set som vilkår for å vere med på ei landsdelsløyising at Stortinget gjennomfører ei regionreform der det regionale folkevalde nivået får eit tungt ansvar for oppgåver som er både utviklingsorienterte og innretta mot tenesteyting overfor eit stort tal innbyggjarar.*
4. *Fylkestinget meiner alternativet til ein landsdelsregion på Vestlandet er at dagens fylkeskommunar får ein styrkt regionalpolitisk posisjon som samfunnsutviklar og tenesteleverandør.*
5. *Dersom ein folkevald landsdelsregion på Vestlandet ikkje kan realiserast, går fylkestinget inn for at vi gjennom kommune- og regionreforma vidareutviklar, styrkar og effektiviserer Sogn og Fjordane fylkeskommune innanfor dagens norske forvaltningsmodell.*

Fylkestinget i Rogaland handsama 01.03.16 ei tilsvarande sak, og gjorde for sin del slikt vedtak:

1. Rogaland fylkeskommune er positiv til innledende nabopratt med Vestlandet (Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland) og Agderfylkene med mål om å forhandle fram en intensjonsavtale for en utvidet region.
2. Under følgende forutsetninger innledes det forhandlinger med sikte på utvidet formalisert samarbeid eller etablering av nye regioner:
 - a. Stortinget i juni 2016 delegerer oppgaver til det regionale nivået med et omfang og en karakter som er på nivå med det fylkestinget vedtok i februar 2015.
 - b. At nye oppgaver blir knyttet opp mot rollene som samfunnsutvikler og tjenesteprodusent.
 - c. Dagens grenser til fylkeskommunene ikke er førende eller begrensende for nye regioner.
 - d. Statlig inndeling følger den nye regionale inndelingen.
3. Uavhengig av Stortingets vedtak i juni 2016 gjennomføres det våren/sommeren 2016 et utredningsarbeid av mulige samarbeidskonstellasjoner mellom de nevnte fylkeskommuner. En slik utredning må også ta opp i seg en sammenlignende vurdering av dagens oppgaveportefølje og geografiske inndeling.
4. Fylkesutvalget holdes løpende orientert om dialogen mellom fylkeskommunene. Intensjonsavtalen skal godkjennes av fylkestinget.

Fylkestinget i Hordaland handsama 09.03.16 ei tilsvarande sak og gjorde slikt vedtak:

1. Fylkestinget oppnemner eit forhandlingsutval som får mynde til å iverksetje samtalar/nabopratt med dei andre vestlandsfylka, med mål om å forhandle fram ein intensjonsavtale for ein utvida vestlandsregion. Som grunnlag for dette arbeidet skal det gjennomførast eit utgreiingsarbeid av moglege samarbeidskonstellasjonar mellom fylka. Intensjonsavtalen skal godkjennast av fylkestinget. Forhandlingsutvalet skal fortløpande gjennom prosessen rapportera til ei politisk styringsgruppe beståande av fylkesutvalet sine medlemmer og gruppeleiar for dei partia som ikkje er representerte i fylkesutvalet.
2. Ein ny vestlandsregion, med folkevald forankring, vil styrke demokratiet og fremje maktspreiing. Etablering av ein ny vestlandsregion føreset tildeling av oppgåver både som samfunnsutviklar og tenesteprodusent, med eit omfang og karakter som er i tråd med fylkestinget sitt vedtak av 10. mars 2015.
3. Forhandlingsutval og styringsgruppe får slik samansetjing;

Forhandlingsutval:

Fylkesordførar Anne Gine Hestetun (AP) Vara: Sveinung Valle (A)

Fylkesvaraordførar Pål Kårbø (KrF) Vara: Benthe Bondhus (Sp)

Opposisjonen Terje Søviknes (FrP) Vara: Mona R. Strømme (H)

Fylkesrådmann Rune Haugsdal Vara: Fylkesdirektør regional utvikling Bård Sandal

Hovudtillitsvald: Vara:

Politisk styringsgruppe:

Fylkesutvalet + gruppeleiar Rødt. Vara møter ved forfall.

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane handsama 18.04.16 si sak og gjorde då slikt vedtak:

1. Fylkesutvalet tek føreliggjande orientering om det pågåande regionreformarbeidet til vitande.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune held fram dialogen og eit felles utgreiingsarbeid med Hordaland og Rogaland for å vurdere moglegheitene for ein intensjonsplan, sjølv om Møre og Romsdal så langt ikkje har respondert på førespurnaden frå fylkesordføraren i Sogn og Fjordane.
3. Fylkesutvalet er innforstått med at arbeidet vidare vert organisert slik:

- a) Fylkesrådmannen/fylkesrådmennene står for føresett utgreiing.
- b) Det vert etablert ei politisk styringsgruppe og eit forhandlingsutval.
- c) Fylkesutvalet vert politisk styringsgruppe med tillegg av gruppeleiarane i FrP, SV og MDG. Gruppa vil bli laupande informert, og vil kunne kome med innspel og føringar undervegs i den vidare prosessen.
- d) Det vert oppnemnd eit forhandlingsutval samansett av fylkesordførar, fylkesvaraordførar, Noralv Distad (H) som representant frå den politiske opposisjonen og fylkesrådmannen. Trude Brosvik (KrF) er varamedlem. Dei hovudtillitsvalde vert inviterte til å delta med ein representant i forhandlingsutvalet.
- e) Forhandlingsutvalet skal, basert på utarbeidd utgreiing, sjå om det er grunnlag for å kome fram til ein felles intensjonsplan med Hordaland og Rogaland fylkeskommunar.
- f) Ein eventuell intensjonsplan må godkjennast i fylkestinget hausten 2016.

Fylkestinget i Rogaland handsama 26.04.16 ei tilsvarande sak, og gjorde for sin del slikt vedtak:

1. I forbindelse med regionreformen opprettes det et forhandlingsutvalg. Forhandlingsutvalget gis myndighet til å innlede og fortsette nabopratt med en eller flere av fylkeskommunene Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland, Vest Agder og Aust Agder. For det tilfellet at forutsetningene i fylkestingets vedtak 5/16 innfris gis forhandlingsutvalget myndighet til å innlede forhandlinger med de samme fylkeskommunene, med sikte på utvidet formalisert samarbeid/etablering av nye regioner.
2. Forhandlingsutvalget skal fortløpende gjennom prosessen rapportere til styringsgruppen, bestående av fylkesutvalget.
3. Forhandlingsutvalget skal ha følgende sammensetning:
 - Fylkesordfører
 - Fylkesvaraordfører
 - Vara for fylkesordfører/fylkesvaraordfører: Arne Bergsvåg, SP, Anja Berggård Endresen, V
 - Representant fra mindretallet: Janne Johnsen, H. Vara: Anita Egeli, FrP
 - Fylkesrådmannen. Vara: assisterende fylkesrådmann
 - Hovedtillitsvalgt: Vara:

Styringsgruppen skal bestå av fylkesutvalget og gruppeleder i SV, samt en representant fra de tillitsvalgte.

Dette gjev følgjande samansetjing av forhandlingsutvala og dei politiske styringsgruppene:

	<u>Forhandlingsutval</u>	<u>Politisk styringsgruppe</u>
Sogn og Fjordane:	Jenny Følling - fylkesordfører (Sp) Åshild Kjelsnes - fylkesvaraordfører (Ap) Noralv Distad - fylkestinget (H) Alf Reidar Myrstad - Utdanningsforbundet Tore Eriksen - fylkesrådmann	Fylkesutvalet med tillegg av gruppeleiarane i FT frå FrP, SV og MDG.
Hordaland:	Anne Gine Hestetun – fylkesordfører (Ap) Pål Kårbø –fylkesvaraordfører (Krf) Terje Søviknes – fylkestinget (Frp) Tore Andersen – YS/Parat Rune Haugsdal - fylkesrådmann	Fylkesutvalet med tillegg av gruppeleiar i Rødt
Rogaland:	Solveig Ege Tengesdal – fylkesordfører (Krf) Marianne Chesak – fylkesvaraordfører (Ap) Janne Johnsen – fylkestinget (H) Trond Nerdal – fylkesrådmann Ingeborg L. Tyse - Utdanningsforbundet	Fylkesutvalet med tillegg av gruppeleiar SV og representant frå tillitsvalde.

Med bakgrunn i vedtaka om «nabopratt» sende fylkesordførarane i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland 15.03.16 brev til Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Her vart det orientert om status og forventingar frå dei tre fylkeskommunane. I dag går «nabosamtalen» mellom Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland.

Rogaland har per 23.05.16 ikkje nabosamtaler med Agder-fylka. Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland har per 23.05.16 ikkje fått tilbakemelding frå Møre og Romsdal fylkeskommune på invitasjonen om å delta i drøftingane.

4. Nye folkevalde regionar – rolle, struktur og oppgåver

Hovudelement i Meld. St. 22 (2015-16)

Regjeringa la 05.04.2016 fram Meld. St. 22 (2015–2016) «Nye folkevalde regionar – rolle, struktur og oppgåver» om oppgåver og funksjonar til eit nytt regionalt folkevald nivå. Regjeringa legg opp til at dagens fylkeskommunar vert erstatta av omlag 10 folkevalde regionar. Regjeringa vil gjennomgå dei statlege regioninndelingane (fylkesmannen m.m.) i lys av dei nye grensene for det regionale folkevalde nivået. Dei nye regionane skal få ei forsterka samfunnsutviklarrolle innan område som gjeld samfunns- og arealplanlegging, klima og miljøvern, folkehelse, kompetanse, kultur, ressursforvaltning, samferdsel og næringsutvikling. Samfunnsutviklingsarbeidet krev samarbeid med offentlege styresmakter som regionalt folkevald nivå ikkje har instruksjonsmynde over. Ei viktig rolle vil vere å mobilisere private aktørar og lokale og regionale interesser. Det betyr å ha ein langsiktig og heilskapleg plan for sin eigen region.

Samfunns- og arealplanlegging

Kommunal- og moderniseringsdepartementet peikar på behovet for at dei folkevalde regionane utviklar ein overordna arealpolitikk, med arealkart, retningslinjer og ein viss bruk av regionale planbestemmelsar. Dette gjeld m.a. for kystsona, fjellområda og i by-regionar. I meldinga er det ikkje omtalt nye konkrete oppgåver eller utvida ansvar på dette området.

Klima og miljø

Det er føreslege å overføre fylkesmannen sitt ansvar og rolle innan friluftsliv til nye folkevalde regionar, og fylkesmannen sitt ansvar for statleg eigde og sikra friluftsområde vil bli vurdert med sikte på overføring til større folkevalde regionar. Det er ikkje vurdert som aktuelt å føreslå ytterlegare overføring av klima- og miljøoppgåver frå fylkesmannen til nye folkevalde regionar.

Integrering

Det vil bli vurdert korleis nye folkevalde regionar kan ta ei sterkare rolle i integreringsarbeidet. Det er ikkje vurdert som aktuelt å føreslå endringar i ansvar for oppgåver som i dag ligg til Integrerings- og mangfaldsdirektoratet.

Utdanning og kompetanse

Regionane får ansvar for å leggje til rette for samarbeid mellom arbeidsliv og utdannings- og opplæringsaktørar om behov og tilrettelegging for etter- og vidareutdanning.

Kultur

Det er føreslege å overføre oppgåver som ligg til Riksantikvaren til regionalt folkevald nivå.

Samferdsle

Hovudmodellen for vegansvar mellom fylkeskommune og stat skal oppretthaldast. I samband med NTP-rulleringa skal det vurderast om enkelte vegar bør omklassifiserast. Regionane får ansvaret for ordninga med tilskot til private lufthamner. Det skal vurderast om regionane skal få ansvar for kjøp av innanlands flyruter.

Næringsutvikling

Det vert føreslege å overføre ansvaret for utforming og oppfølging av regionale oppdrag til nasjonale verkemiddelaktørar innanfor forskning, innovasjon og næringsutvikling til regionane. Det er ikkje vurdert som aktuelt å overføre landbruksoppgåver frå fylkesmannen til nye folkevalde regionar. Det vert føreslege eit toårig forsøk, der ein folkevald region får ansvaret for regionale næringsprogram for landbruket som i dag vert forvalta av fylkesmennene.

Handsaming av oppgåvemeldinga våren 2016

Stortinget har lagt opp til følgjande handsaminga av Meld.St.22 (2015-2016) Nye folkevalde regionar – rolle, struktur og oppgåver:

- Kommunal- og forvaltningskomiteen legg fram si innstilling 02.06.16.
- Stortinget handsmar saka 08.06.16.
- Saksordførar: Andre N. Skjelstad (V).

Møte med kommunal- og forvaltningskomiteen 09.05.16

Fylkesordførarane Jenny Følling og Anne Gine Hestetun, og fylkesvaraordførar Marianne Chesak, deltok på høyringsmøtet om oppgåvemeldinga i Kommunal- og forvaltningskomiteen 09.05.16. Her vart det lagt vekt på å orientere nærare med utgangspunkt i «forventningsbrevet» frå dei tre fylkesordførarane frå 15.03.16 (vedlagt).

Regionreforma i høve til kommunereforma

I framkant og parallelt med regionreforma går arbeidet med kommunereforma. Kommunane har frist til 30.06.16 med å avklare samanslåingar. Fylkesmennene skal på sjølvstendig grunnlag vurdere vedtaka til kommunestyra, der det blir lagt vekt på heilskapen i regionen og fylket. Innan 1.10.16 skal fylkesmennene gje si tilråding om framtidig kommunestruktur på grunnlag av:

- Lokale prosessar, innhald og vedtaka til kommunane.
- Heilskapen i regionen og fylket.
- Måla for kommunereforma.
- Kriteria for god kommunestruktur.

Regjeringa planlegg å fremje forslag til Stortinget om ny kommunestruktur og ny regionstruktur våren 2017. I utarbeidinga av avgjerdsgrunnlag for Stortinget vil det bli lagt til grunn at enkeltkommunar ikkje skal kunne stanse endringar som er ønskte og føremålstenlege ut frå regionale og nasjonale omsyn. I proposisjonen vil det dermed kunne bli føreslege samanslåingar av kommunar som avvik frå dei lokale vedtaka. Samanslåingane som vert vedtekne av Stortinget, vil som hovudregel tre i kraft 01.01.20, etter kommune- og fylkestingsvalet 2019. Ei ev. ny valordning til Stortingsvalet vil først kunne tre i kraft i 2025.

Regionreforma i andre fylke

Tilgrensande fylkeskommunar

Fylkestinget i Møre og Romsdal vedtok 22.04.16 å greie ut og ta stilling til kva fylke/delar av fylke det kan vere aktuelt å etablere ein ny, større region saman med. I vedtaket vart det også lagt opp til at det skal gjennomførast nabosamtalar med relevante fylke (Sør-Trøndelag, Oppland og Sogn og Fjordane). Møre og Romsdal fylkeskommune skal gjere formelle vedtak om nye regionale strukturar innan 1. desember 2016.

Fylkestinga i Vest Agder og i Aust Agder vedtok 26.04.16 å opprette ei gruppe av fylkesordførarar, fylkesvaraordførarar og opposisjonsleiarar med mandat til å forhandle om å etablere ein ny region Agder. Fylkestinga vil i desember 2016 ta stilling til om ein ønskjer å etablere ein slik ny region.

Oppland og Hedmark fylkeskommunar er i samtalar om å gå saman i region Innlandet. Det er venta at sak om vidare utgreiing vert fremja i fylkestinga i juni 2016.

Buskerud fylkeskommune har nabosamtalar med Akershus fylkeskommune, Østfold fylkeskommune, Vestfold fylkeskommune og Telemark fylkeskommune. Telemark fylkeskommune deltek i eit utgreiingsarbeid som ser på samanslåing av Telemark, Buskerud og Vestfold.

Landet elles

Fylkestinga i Nord-Trøndelag og Sør-Trøndelag vedtok 27.04.16 å søkje Stortinget om å slå saman Sør-Trøndelag og Nord-Trøndelag til eitt fylke frå 01.01.18.

Fylkesrådsleiaren i Nordland har teke initiativ til nabosamtale med Troms fylkeskommune. Fylkesrådsleiar vil fremje ei sak til fylkestinget om regioninndeling hausten 2016. Fylkestinget i Troms gjorde vedtak 16.03.16 om å ta kontakt med Finnmark fylkeskommune og Nordland fylkeskommune for nabosamtalar. Om Finnmark og/eller Nordland fylkeskommune er interessert i å delta i ein vidare prosess, der ein muleg konklusjon kan vere at det vert gjort vedtak i fylkestinga om samanslåing av nordnorske fylke i oktober 2016, vil Troms fylkeskommune analysere struktur og oppgåver fram til tidleg hausten 2016. Fylkestinget i Finnmark gjorde vedtak 25.03.15 om at Finnmark må «bestå som eget fylke», og har signalisert dette i nabosamtale med Troms fylkeskommune i april 2016.

Fylkestinget i Akershus gjorde vedtak 14.03.16 om å ta kontakt med Oslo for å innleie samtalar om deltaking i ei ev. samanslåing. Akershus greier ut to alternativ; Østfold/Akershus og Østfold/Buskerud/Akershus. For både alternativene er det opna opp for å inkludere Oslo. Østfold fylkeskommune vurderer to alternativ – Akershus/Østfold og Akershus/Buskerud/Østfold. Basert på fylkesrådmannen si utgreiing av alternativene, vert det lagt fram ei ny sak i juni 2016 der det vert teke stilling til prosessen vidare.

Vidare regionreformprosess på Vestlandet – forhandlingar om intensjonsplan

Forhandlingsutvala, som består av fylkesordførar, varaordførar, representant for opposisjonen, fylkesrådmann og hovudtillitsvald, skal forhandle fram ein intensjonsplan for ein framtidig vestlandsregion. I samband med forhandlingane om intensjonsplanen vil det bli gjennomført utgreiingsarbeid i regi av fylkesrådmennene. Det er lagt opp til følgjande overordna framdriftsplan for forhandlingane om samanslåing fram til endeleg vedtak:

- Første møte mellom forhandlingsutvala, 27.mai 2016
- Fellesmøte politiske styringsgrupper – 23.08.16.
- Temainndelte forhandlingar om intensjonsplanen – veke 33, 35 og 37.
- Fylkestinga i oktober 2016: Handsamar intensjonsplan for samanslåing.
- Høyring/informasjon
- Fylkestinga i desember 2016. Sak om samanslåing til vestlandsregion.

Ein intensjonsplan for samanslåing av vestlandfylka, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland, vil innehalde ulike element som det må gjennomførast forhandlingar og avklaringar rundt. I arbeidet med kommune- og regionreforma er det utarbeidd rettleiarar til utforminga av slik intensjonsplanar, der det er lagt inn ulike spørsmål for forhandlingar, og som til slutt vil bli lagt fram som eit grunnlag for vedtak om samanslåing. Fylkesrådmennene har utarbeidd eit første utkast til slik intensjonsplan, som er vedlagt denne statussaka. Utkastet til intensjonsplan viser hovudpunkt for forhandlingar og mulige forhandlings-tema under dei ulike hovudpunkta. Dette vedlagte utkastet til intensjonsplan vil bli presentert og lagt fram for første møte mellom forhandlingsutvala, 27.05.16.

5. Konklusjon

Fylkesrådmannen rår til at Sogn og Fjordane fylkeskommune startar forhandlingar med Hordaland og Rogaland fylkeskommunar for å kome fram til ein felles intensjonsplan for samanslåing innan 01.01.2020. Intensjonsplanen inneheld følgjande hovudtema og forhandlingspunkt:

- a) Mål for samanslåing av Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane.
- b) Organisering av det nye regionale folkevalde nivået på Vestlandet:
 - o Regionen sitt namn og merke.
 - o Representantar i regiontinget.
 - o Regionen si inndeling i valkrinsar.
 - o Politisk styreform.
 - o Regiontinget sine samlingar (og regionutvalet sine møte ved formannskapsmodell).
 - o Regionen sitt administrasjonssenter og politisk leiing.
- c) Regionen sine oppgåver og ansvarsområde: Leiing og arbeidsdeling.
 - o Organisering og leiing av eksisterande regionale oppgåver.
 - o Organisering og leiing av eksisterande regionale oppgåver.
- d) Prinsipp for handtering av dei tilsette i samband med regionreforma.
- e) Bruk av disponibel formue frå dei tre fylkeskommunane.
- f) Samansetjing av «fellesnemnd» for overgangsperioden fram mot 2020.
- g) Val av nytt regionting.

Det ligg føre ein framdriftsplan for forhandlingane om intensjonsplanen der det vert forhandlingsrundar i vekene 33, 35 og 37. Fylkesrådmannen tek sikte på å leggje fram ei sak om intensjonsplanen for hand-saming i fylkestinget i oktober 2016.